

NVE

Konsesjonsavdelinga Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

HØYRINGSUTTALE FRÅ OTRA KRAFT DA TIL SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGJE UPPSTAD KRAFTVERK I VALLE KOMMUNE

Vi viser til NVE brev dat.04.07.2015 med frist for uttale 07.07.2015.

Otra Kraft DA er positiv til bygging av Uppstad kraftverk med fylgjande atterhald:

1. Punkt 2.2 i søknaden. Hovudalternativet .Vegtilkomst:
Uppstad Kraftverk må deltake i vegvedlikehald av fylgjande 2 vegar:
 - Vegen frå postkassane på Uppstad til vegkryss Støyledalsvegen
 - Traktorveg frå Støyledalsvegen til bekkeinntak Håvestøylåni.

Vegtilkomsten til kraftstasjonen skjer ved delvis å nytte Otra Krafts eksisterande traktorveg til bekkeinntaket Håvestøylåni (i søknaden kalla demninga) og vidareføre denne forbi bekkeinntaket og fram til kraftstasjonen. Pga topografien må ny veg først fram på nordsida av bekkeinntak Håvestøylåni og det byr derfor på utfordring å krysse åni fram til kraftstasjon alternativ 2 (hovudalternativet). Graving nær vangemurer eller inntakskonstruksjon på bekkeinntak Håvestøylå må ikkje førekome.

(jfr vedlegg 1)

2. Punkt 2.2.6 i søknaden. Kraftstasjon
Kraftstasjonen er tenkt plassert like oppstraums Otra Kraft sitt bekkeinntak Håvestøylåni, som vart bygd i 1960-åra og modernisert i 1998. **(jfr vedlegg 1)**

Håvestøylåni er lokalisert i ein djup V-dal med ur og blokk av ulik storleik i dalbotnen. Bekkeinntak Håvestøylåni er fundamentert på lausmasse og djupne til fjell er ukjent.

Grunntilhøva i området er vanskelege og Otra Kraft tilrår at tiltakshavar Uppstad kraftverk gjennomfører grundige grunnundersøkingar før endeleg plassering av kraftstasjon. Dersom utløpet frå kraftstasjonen går rett i bassenget oppstraums bekkeinntaket, er Otra Kraft redd for at dette medfører så store endringer at strøymingstilhøva blir problematiske og at vatn vil gå til spille.

Med bakgrunn i ovannemnde må kraftstasjoen flyttast lenger frå bekkeinntaket enn det som framgår av søknaden.

3. Punkt 2.2.10 i søknaden. Nettilknytning

Det framgår av søknaden at 22kV straumkabel skal leggest i grøft i eller langs eksisterande veger fram til transformator ved søndre tipp Uppstad. Otra Kraft har ansvar for mesteparten av vegstrekningane som er aktuelle. I den bratte traktorvegen opp mot bekkeinntak Håvestøylåni bør kabelgrøfta sikrast mot erosjon ved avskjærande drenasjegrøfter.

Der kabelgrøfta krysser tilkomsten til tverrslag Uppstad må spesiell erosjonssikring etablerast slik at tapping frå tunnelen ikkje gjer skade.

Eksisterande vegstandard må oppretthaldast.

4. Otra Kraft DA gjer atterhald om å haldast skadeslaus dersom bekkeinntaket vert skada eller utnyttinga av Håvestøylå vert forringa på noko tidspunkt.

Med hilsen
Otra Kraft DA




Reidar Ove Mork
Kraftsverksdirektør



Gjermund Espetveit

Vedlegg: Vedlegg 1 Bilete Håvestøylåni bekkeinntak



Evt. vegtrace til Uppstad kraftverk